



Eiendomsmegler Vest

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3257 - 16/29459

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammar

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

24.10.2016

## Søknad om konsesjon - gbnr 60/3 Langenes

Det vert synt til motteke søknad 7.oktober 2016.

### Dokument i saka :

- Søknad om konsesjon
- Prospekt

### Saka gjeld :

Ekteparet Frode og Ingvild Langenes søker konsesjon for kjøp av gbnr 60/3 Langenes. Søkjarane eig og driv naboeigedomen gbnr 60/1. Foremålet med kjøpet er å nytta gbnr 60/3 som tilleggsjord til garden sin.

### Lovverk :

Saka skal handsamast etter konsesjonslova då eigedomen er over 100 dekar. Ved konsesjonsbehandling av landbrukseigedomar er det §§ 1 og 9 i konsesjonslova som saka spesielt skal handsamast etter.

### Eigedomen gbnr 60/3 :

Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedomen på totalt 148 dekar. Av dette er 14 dekar full- og overflatedyrka jord, 30,5 dekar innmarksbeite og ca 53 dekar produktiv skog. Resten av eigedomen er i stor grad skrinnt utmark. 3 dekar tun og bebygd areal.

Bygningsmassen er ifølgje taksten i stord grad i dårleg teknisk stand. Bygningane er som følgjer :

- |                 |        |               |
|-----------------|--------|---------------|
| ▪ Våningshus    | (1892) | Dårleg stand  |
| ▪ Driftsbygning | (1896) | Dårleg stand  |
| ▪ Garasje       | (1975) | Middels stand |
| ▪ Uthus         | 1940)  | Dårleg stand  |
| ▪ Naust         | (1948) | Dårleg stand  |

Eigedomen gbnr 60/3 har totalt 50-60 meter felles grensa mot gbnr 60/1. Det er felles veg inn til Langenes.

### Søkjarane :

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Søkjarane har relativt ny driftsbygning på gbnr 60/1 og har eit omfattande storfehold der mykje leigejord må til for å ha nok fôr til å utnytta kapasiteten i driftsbygningen.

### **Vurdering :**

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringen, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftsiinteresser og omsynet til busetting.

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av landbrukseigedom skal det leggjast særlig vekt på:

- om den avtalte prisen er i tråd med ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,
- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva eigedomen
- om kjøpet ivaretek omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

### Prisvurdering

Då kjøpesummen er under kr 3.500.000 skal det ikkje gjerast ei prisvurdering jfr rundskriv M-2/2016 frå Landbruks- og Matdepartementet (LMD).

### Busettingsomsyn

Det har ikkje budd folk på garden på mange år. Huset treng ei kraftig oppgradering for å stetta folk sine krav til standard i dag. Det vert sjølvstakt ikkje sett krav om buplikt på garden når søkjar bur på naboeigedomen. Huset kan potensielt leigast ut etter ei viss oppgradering og dermed auka busettinga i området. Det hadde vore positivt for Festo-krinsen med auke i tal fastbuande.

### Driftsmessig løysing

Kjøpet er i tråd med gjeldande landbrukspolitikk. Ein ynskjer færre og større landbrukseigedomar. Mindre leigejord og større tryggleik knytta til jordbruksareal for dei som driv aktivt landbruk.

### Kjøparane sin kompetanse

Kjøparane har ei god og omfattande drift og har sett opp ny driftsbygning på garden sin. Dette vitnar om at dei i høgste grad er kvalifisert for å driva den omsøkte eigedomen som tilleggsjord til garden sin.

### Omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet

Med dei framlagte planar som søkjarane har for eigedomen vil omsynet til heilskapsleg ressursforvaltning verta ivareteke. Kjøpet vil styrka ressursgrunnlaget på garden og styrka bruket og drifta for framtida. Kulturlandskapet på garden vil truleg verta styrka då ein aktiv brukar eig eigedomen. Det vil gjere det meir

interessant å investere tid og pengar i eigedommen – grøfthing, attlegg, ugraskamp, stelle beiter og halde gjerder.

#### Konklusjon

Søkjarane får konsesjon for kjøp av gbnr 60/3 Langenes. Dei vert ikkje pålagt buplikt gbnr 60/3 då dei to landbrukseigedomane vert å rekna som ei driftseining etter kjøpet.

#### **Vedtak :**

**Frode og Ingvild Langenes får konsesjon for kjøp av gbnr 60/3 Langenes i Lindås kommune. Grunngevinga framgår av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i §§ 1 og 9 i konsesjonslova.**

#### Gebyr

Det vert sendt sakshandsamingsgebyr på kr 2000,-

#### Klagerett

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen innan 3 veker etter motteke svar på søknad. Kommunen vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
Landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Frode og Ingvild Langenes

Langenes 94

5912

SEIM

**Mottakarar:**  
Eiendomsmebler Vest